



Irmelin Maureen Palme Kårbø
Fløytingen 74 A
3514 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6717 - 22/22505

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 345/21 Vikebø

Tiltak: flytebryggje - dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 345/21
Tiltakshavar: Irmelin Maureen Palme Kårbø
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.07.2021.

Mottakskontroll

Beklager sein tilbakemelding i denne saka. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er noko uklårt kva det er søkt om dispensasjon frå i vedlagt søknad. Det er i dispensasjonssøknad vist til planskildring føresegn 4.1.4. Søknad må supplerast med dispensasjon frå plankrav i føresegn 1.2 i kommunedelplan for Meland for utlegging av flytebrygge og utviding av trebrygge.
2. Utviding av fast trebrygge krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø, jf. føresegn 4.7.2 i kommunedelplan for Meland.

Dersom flytebrygge ikkje er i samsvar med utformingskrav i føresegn 1.6.8, og ikkje er fellesanlegg, krev også denne dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

3. Dispensasjonar må nabovarslast jf. plan- og bygningslova (pbl) §21-3. Syner særskilt til at naboar har to veker med å leggje fram merknad i sak.

Det er ikkje vedlagt kvittering av mottatt nabovarsel i søknad. Dette må følgje ved søknad etter ny nabovarsling. Dersom det er kome inn merknadar i sak må desse sendast inn som tilleggsopplysning.

4. Søknad må supplerast med fagmessiker teikningar som syner utviding av trebrygge og flytebrygge. Desse må vere målsett og syne skilje mellom eksisterande situasjon og

situasjon etter utført tiltak. Ved eventuelle terrenginngrep i strandsona må desse vere skildra på teikning.

Teikningar må vise mål på tiltak.

5. Vedlagt situasjonskart må syne avstand til nabogrenser.
6. Tiltak er søknadspiktig etter pbl.§20-3 og er dermed underlagt krav om ansvarsrettar. Søknad må supplerast med naudsynte ansvarserklæringar og gjennomføringsplan.

Alternativt kan det søkjast om å stå som ansvarleg sjølvbyggjar jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §6-8. Sjå meir om dette her: <https://dibk.no/regelverk/sak/2/6/6-8/>

7. Viser på generelt grunnlag til at tiltak ligg innanfor marin grense. Gjer merksam på at det er ansvarleg søkjar sitt ansvar å vurdere konstruksjonstryggleik etter TEK17 kapittel 10, samt tryggleik mot naturfare etter TEK17 kapittel 7.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Irmelin Maureen Palme Kårbø
Trond Øyvind Palme Kårbø

Fløytingen 74 A
Jonsokveien 3

3514 HØNEFOSS
3023 DRAMMEN